



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16 - 21/60159

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2021

Mellombels bruksløyve for Alversund skule og fleirbrukshall - gbnr 137/75 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 948/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Alversund skule og fleirbrukshall på gbnr 137/75 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.01.2022.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av noko mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve i saka datert 19.07.2019 og endringar i tiltaket godkjend i vedtak datert 17.02.2020 og 05.03.2021 og 07.06.2021.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Avklaring i forhold til royalimpregnert ytterkledning og behov for kompensierende tiltak.
2. Mindre arbeid knytt til tiltaket slik det går fram av søknaden (Arbeid der sluttdato ikkje er angitt)

- Glassvegger til 1 møterom og kopirom som ikkje har brannkrav. (feil på leveranse)
- Nokre dører og karmar manglar glasfelt
- Skigard mot nabo langs SGS4
- Tilpassing av beslag på nokre område.
- Montere avtrekkslette mat og helse, avtrekkslette over keramikkomn, montasje sponavsug,
- Montasje ventilator i kiosk
- Noko fast inventar

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.01.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.08.2021 og tilleggskommunikasjon sist mottatt 13.09.2021.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, slik at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket. Vi legg til grunn at ventilatorar og sponavsug er ferdig montert til bygget skal takast i bruk.

Skildring

Adresse:	Alverflaten 270
Bygningstiltak:	Skule og fleirbrukshall
Bygningsnummer:	300 765 069
Bruksareal:	10 691 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Hlm Arkitektur AS

Postboks 4 5906
C. Sundts gate 1 5004

FREKHAUG
BERGEN